



Bremanger
kommune

Bremanger.kommune.no
Delegeringsreglement 2024-2027

Delegeringsreglement 2024-2027


Vedteke i kommunestyret 25.01.2024



Innhold

| | |
|---|----|
| INNLEIING | 3 |
| Kva er delegering ? | 3 |
| Hovudprinsipp | 3 |
| Avgjersler som ikkje kan delegerast | 3 |
| REGLAR SOM GJELD ALL DELEGERING | 4 |
| Vedtak om delegering | 4 |
| Endring av reglementet | 4 |
| Retningsliner for å utøve delegert mynde | 4 |
| Mynde i saker som ikkje er nemnd i delegeringsreglementet | 5 |
| Omgjering og klage | 5 |
| Vedtaksorganet er «underinstans» | 5 |
| Kommunen si klagenemnd | 6 |
| KOMMUNESTYRET | 7 |
| DELEGERING TIL POLITISK VALDE ORGAN | 8 |
| Kontrollutvalet | 8 |
| Formannskapet | 8 |
| Ordføraren | 9 |
| Valstyret | 9 |
| Administrasjonsutvalet | 9 |
| Hamnestyret | 9 |
| Klagenemnda | 9 |
| Sakkunnig nemnd | 9 |
| Sakkunnig klagenemnd | 10 |
| DELEGERING TIL FØRETAK OG SELSKAP | 11 |
| DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØREN | 12 |

| | |
|--|----|
| Øvste administrative leiar | 12 |
| Sentraladministrasjonen | 12 |
| Helse og omsorg..... | 13 |
| Oppvekst, kultur og fritid | 13 |
| Samfunn og utvikling..... | 14 |
| Arbeidsgjevar- og personalansvar | 15 |
| Økonomiansvar | 15 |
| Vidare delegering..... | 16 |



INNLEIING

Kva er delegering ?

Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Den ein delegerer til, kan treffe avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer. Delegering av mynde inneber ikkje at det organet som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta mynda tilbake.

Hovudprinsipp

Etter kommunelova er alt mynde lagt til kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere myndet til andre politiske organ eller til kommunedirektøren med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast. Tilsvarande kan andre politiske organ delegere til kommunedirektøren.

I Bremanger kommune gjeld prinsippet om maksimal delegering. Det betyr at mynde kan delegerast til lågaste nivå innanfor ramma av lovverk og så langt kommunestyret har gjort vedtak.

Avgjersler som ikkje kan delegerast

Kommunestyret skal avgjere alle saker som gjeld vedtak av kommunale forskrifter, folkevald organisering, kommunepan, kommunedelplanar, budsjett, økonomiplan, og saker som til ei kvar tid etter kommunelov, særlover og delegeringsreglementet er lagt til kommunestyret sjølv.

Sjølv om ei mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevalt organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 11-8 ("hastevedtak").

REGLAR SOM GJELD ALL DELEGERING

Kommunestyret er det øvste kommunale organet. Kommunestyret treff vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jf. Kommunelova § 5-3.

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ, og innanfor godkjende budsjettammer og føresetnader.

Vedtak om delegering

I dette reglementet vert vedteke delegeringar frå Bremanger kommunestyre. Andre delegeringar vert vedteke m.a. i økonomireglementet og i kommunedirektøren sitt eige delegeringsreglement. Kommunestyret kan i tillegg delegere mynde i einskildsaker.

Endring av reglementet

Kommunestyret gjer sjølv endring i reglementet.

Kommunedirektøren kan gjennomføre justeringar i reglementet som følgje av vedtak i kommunestyret eller av lovendringar, så sant dette ikkje endrar reglementet sine prinsipp eller mynde.

Retningsliner for å utøve delegert mynde

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med:

- Kommunestyret sine føresetnader og prioriteringar
- Gjeldande lover og forskrifter
- Instruksjonar og retningsliner gjeve av delegerande organ
- Budsjettet sine rammer og føresetnader

Saksbehandlinga skal følgje krava i forvaltningslova. Lov om offentlegheit og prinsippet om meiroffentlegheit gjeld for all delegert mynde.

Delegert mynde kan vidaredelegerast med mindre anna er uttrykkeleg bestemt. Delegert mynde kan likevel ikkje delegerast vidare til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid eller til organ utanfor kommunen, med mindre anna er bestemt av kommunestyret.

Eit overordna organ kan krevje å få ei sak lagt fram for seg, sjølv om eit underordna organ har fått delegert mynde i saka. Organet som har delegert mynda, kan når som helst endre delegeringa.

Mynde i saker som ikkje er nemnd i delegeringsreglementet

I saker der mynde ikkje er delegert gjennom delegeringsreglementet, er det saka sin karakter som avgjer kven som har mynde.

Kommunestyret avgjer dei viktigaste prinsipielle sakene av økonomisk og politisk karakter og saker som etter loven skal handsamast av kommunestyret sjølv. Andre prinsipielle saker vert avgjort av formannskapet.

Kommunedirektøren har mynde til å avgjere alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Om ei sak er prinsipiell eller ikkje, må avgjerast i kvart einskilde tilfelle. Vurderinga skal byggje på:

- Om saka er av politisk karakter
- Vedtaket sin karakter og konsekvensar, inkludert om saka skil seg frå det vanlege, eller representerer eit nytt eller unikt tilfelle
- Om viktige skjønsmessige konsekvensar ved vedtaket tidlegare er klarlagd gjennom politiske vedtak, instruksar eller praksis
- Om saka har store økonomiske konsekvensar
- Om det i saka vert teke stilling til fortolking av nye reglar eller endring i tidlegare praksis, t.d. om det har oppstått nye forhold som gjev grunnlag for å vurdere tidlegare retningsliner eller praksis på ny.

Omgjering og klage

Det organ som fattar eit einskildvedtak (vedtaksorganet), eller det overordna organet, kan på eige initiativ gjere om vedtaket dersom forvaltningslova § 35 eller generelle ulovsfesta prinsipp gjev heimel for det. Einskildvedtak er definert i forvaltningslova § 2.

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse har etter forvaltningslova § 28 rett til å klage på einskildvedtak fatta av eit forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova. Noko anna kan følgje av dei einskilde særlovene.

Forvaltningslova, kap. VI gjev nærare reglar om klage, sjå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Vedtaksorganet er «underinstans»

Vedtaksorganet får delegert mynde til å fungere som «underinstans» i klagesaker, jf. forvaltningslova § 33, med mindre anna går fram av dette reglementet. Når mynde er delegert til kommunedirektøren, kan kommunedirektøren delegere denne mynda vidare.

Vedtaksorganet skal føreta dei undersøkingar som klaga gjev grunn til. Vedtaket vert oppheva eller endra dersom vedtaksorganet finn grunn til det. Klagesaka kan og avvist dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje er oppfylt. Vedtak om å avvise ei klage kan klagast på.

Dersom klaga ikkje vert oppheva, omgjort eller avvist, skal dokumenta i saka sendast klageinstansen så snart saka er ferdig tilrettelagd. Kva som er rett klageinstans, går fram av delegeringane i den einskilde særlov.

Vedtaksorganet vert også delegert mynde til å avgjere:

- Saker om dekning av sakskostnader når vedtak vert endra til gunst for ein part, jf. forvaltningslova § 36 5
- Saker om utsett iverksetjing av vedtak til klagefristen er ute eller klagen avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Kommunen si klagenemnd

Når ei klage skal avgjerast av kommunen si klagenemnd, har kommunedirektøren ansvaret for at saka er tilstrekkeleg utgreidd og tilrettelagd for klagenemnda.

Kommunedirektøren skal sjå til at vedtaksorganet har handsama saka i tråd med forvaltningslova § 33 og gjeve tilstrekkelege opplysningar i si saksutgreiing.

Dersom kommunedirektøren er inhabil etter kommunelova § 13-3, skal klagenemnda sin leiar sjølv leggje saka til rette.

KOMMUNESTYRET

Kommunestyret er det øvste kommunale organet og treff vedtak på vegne av kommunen, om ikkje anna følgjer av lovar, delegeringsvedtak eller økonomireglement, jf. kommunelova § 5-3.

Som eit overordna prinsipp gjeld at kommunestyret sjølv fattar dei viktigaste avgjerdene av politisk og økonomisk karakter.

Som kommunen sitt øvste politiske organ skal kommunestyret avlastast for einskildsaker og fortrinnsvis handsame saker der det er naudsynt med grundig og brei politisk handsaming.

Einskilde særlovar stiller krav til at einskilde saker skal avgjerast av kommunestyret og kan såleis ikkje delegerast. Dette gjeld når det i lov eller forskrift går fram at avgjersla skal fattast av kommunestyret sjølv.

Kommunestyret skal m.a. fatte vedtak i følgjande saker:

- Saker der lov eller forskrift forbyr delegering
- Oppnemning av folkevalde og andre kommunale organ etter kommunelova §§ 5-1 og 5-2, med mindre anna går fram av delegering til det einskilde organ. Folkevalde organ kan likevel sjølv opprette arbeidsutval.
- Val av medlemmer til folkevalde og andre kommunale organ jf. kommunelova kap. 5, med mindre anna går fram av delegering til det einskilde organ
- Avtalar om interkommunale samarbeid etter kommunelova kap. 17 og lov om interkommunale selskap
- Endringar i årsbudsjettet, jf. kommunelova § 14-5
- Avgifter, gebyr eller betaling til kommunen, dersom ikkje mynda særskild er lagt til anna organ gjennom lov, forskrift eller av kommunestyret sjølv

Kommunestyret har øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga og kan krevje å bli orientert om eller fatte vedtak i alle forvaltningssaker, jf. kommunelova § 22-1.

Kommunestyret kan gjere om vedtak fatta av andre folkevalde organ eller administrasjonen i same utstrekning som desse organa kan gjere om vedtaket sjølv

DELEGERING TIL POLITISK VALDE ORGAN

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre laupande kontroll med forvaltninga på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet er oppretta i samsvar med kommunelova § 23-1, jf. og § 5-7.

Sjå og eige reglement for kontrollutvalet vedteke i Bremanger kommunestyre 17.12.2020, sak KST-085/20.

Formannskapet

Formannskapet skal behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, jf. kommunelova § 5-6, jf. § 14-3.

Alle saker som skal handsamast i kommunestyret, skal først fremjast for formannskapet, som vedtek innstilling i saka. Dette gjeld likevel ikkje saker frå kontrollutval og kommunale føretak oppretta i medhald av kap. 9 i kommunelova.

Formannskapet får delegert mynde:

- Til å avgjere saker av prinsipiell karakter når mynda ikkje er lagt til kommunestyret eller eit anna organ, jf. KL § 5-6, eller kommunedirektøren, jf. kommunelova § 13-1. På saksområde som er delegert til kommunedirektøren avgjer kommunedirektøren kva som er ei sak av prinsipiell betyding i samsvar med føringar i pkt. 2.3 ovanfor. Dersom det er tvil om saka er prinsipiell, skal formannskapet fatte vedtak i saka.
- Til å fatte vedtak i hastesaker på kommunestyret sitt område, jf. kommunelova §11-8
- Til å velje medlemmer til styre råd og utval når lovverket ikkje krev at kommunestyret sjølv skal føreta valet.
- Til å vedta planar som kommunen er pliktig å utarbeide, dersom ikkje kommunestyret er vedtaksmynde.
- I saker der kommunedirektøren er inhabil.
- Til å utøve laupande eigarstyring på vegne av kommunen, inkludert å oppnemne eller føreslå kommunen sine representantar til styrande organ, med mindre ikkje anna er bestemt. Mynda skal utøvast innanfor dei rammene som er fastsett i kommunen si eigarskapsmelding.
- Til å kjøpe, selje og forvalte kommunal eigedom, innanfor dei rammer som følgjer av kommunen sitt økonomireglement og budsjett, og så langt mynda ikkje er delegert til kommunedirektøren, eller at saka er av ein karakter som gjer at den bør avgjerast av kommunestyret sjølv.
- Vedtaksmynde som fast utval i plansaker, jf. PBL § 3 - 3

I saker der formannskapet har fått delegert mynde frå kommunestyret, kan 2 medlemer eller ordførar før møtet er slutt, krevje saka lagt fram for kommunestyret.

Ordføraren

Ordføraren er kommunen sin rettslege representant og signerer på vegne av kommunen dersom ikkje mynda er tildelt andre, jf. kommunelova § 6-1, andre avsnitt.

Ordføraren vert delegert mynde til å representere kommunen i generalforsamlingar, når ikkje anna er bestemt av kommunestyret eller formannskapet. Ordføraren kan delegere mynda vidare.

Så sant ikkje loven er til hinder for det, vert ordførar delegert mynde i sommarferien til å fatte vedtak i hastesaker som ikkje kan vente til rett politiske organ er samla., jf. kommunelova § 11-8 første avsnitt. Vedtak skal fattast etter tilråding frå kommunedirektøren.

Ordføraren vert delegert følgjande mynde til å godkjenne kommunedirektøren sine reiserekningar mv.

Valstyret

Formannskapet får delegert mynde til å fungere som valstyre med ansvar for å gjennomføre kommune-, fylkestings- og stortingsval, jf. vallova § 4-1.

Valstyret vert delegert all mynde som ikkje etter loven er lagt til kommunestyret sjølv, dette gjeld m.a. oppnemning av røystestyrar.

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er Bremanger kommune sitt partssamansette utval oppretta i samsvar med kommunelova § 5-11 og Hovudavtalen del B, § 4. Utvalet får delegert mynde i samsvar med dette. Arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet er Formannskapet.

Hamnestyret

Hamnestyret får delegert mynde til å ivareta dei forvaltningsmessige oppgåvene Bremanger kommune er tillagt etter Lov om hamner og farvatn med tilhøyrande føresegner og følgje opp kommunestyret sine vedtak i medhald av desse.

Klagenemnda

Klagenemnda er klageinstans for klager over enkeltvedtak der lovgjevinga ikkje fastset annan klageinstans. Klagenemnda er oppretta med heimel i forvaltningslova § 28.

Sakkunnig nemnd

Sakkunnig nemnd får delegert mynde til å fastsetje takstgrunnlag for alle eigedomsskattepliktige eigedomar i kommunen med unntak av kraftanlegg (jf. skatteloven §

18-1 (2) a), og bustadar som vert verdsett ved bruk av formuesgrunnlag, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1. Jf. Vedtekter for eigedomsskattetakst i Bremanger kommune.

Sakkunnig klagenemnd

Sakkunnig klagenemnd får delegert mynde til å handsame både klager over takstvedtak (overtakst) frå den sakkunnige nemnda og klager over eigedomsskattekontoret sine 9 utskrivingsvedtak, jf. eigedomsskattelova §§ 19 og 20. Jf. Vedtekter for eigedomsskattetakst i Bremanger kommune.

DELEGERING TIL FØRETAK OG SELSKAP

Kommunestyret vedtek sjølv delegering av mynde til interkommunale samarbeid, jf. kommunelova kapittel 17. Dette skjer i samband med godkjenning av samarbeidsavtalen for det aktuelle samarbeidet

DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØREN

Øvste administrative leiar

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar, jf. kommunelova § 13-1.

Kommunedirektøren får delegert mynde til å avgjere alle enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell betyding, jf. kommunelova § 13-1 sjette avsnitt og dei avgrensingar som følgjer av dette delegeringsreglementet, eller som er vedteke særskilt av kommunestyret.

Kommunedirektøren si mynde omfattar m.a.:

- Ansvar for at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak vert sett i verk.
- Ansvar for internkontroll, jf. KL § 25-1
- Forvalte godtgjersle til folkevalde i samsvar med forskrift fastsett av kommunestyret
- Ta administrative avgjerder om dagleg drift og organisering av kommunen
- Avgjere kva høyrings saker kommunen skal uttale seg i og kva av desse som skal leggjast fram for politisk handsaming
- Følgje opp kommunen sin eigarskap i samsvar med prinsippa i kommunen si eigarmelding
- Gje uttale som ledd i andre organ si sakshandsaming i enkeltsaker med mindre noko anna går fram av lov, forskrift eller delegeringsvedtak.

Kommunedirektøren vert delegert all mynde som kan delegerast i høve:

Sentraladministrasjonen

Lov om folkehelsearbeid

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>

Lov om serverings-virksomhet

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55?q=servering>

Lov om vern mot tobakkskader

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1973-03-09-14?q=tobakk>

Lov om tros- og livs-synssamfunn

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-04-24-31?q=trossamfunn>

Lov om domstolene

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1915-08-13-5?q=lov%20om%20domstolene>

Lov om tvangsfullbyrdelse

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-06-26-86?q=tvang>

Lov om rettergangsmåten i straffesaker

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-22-25?q=straffeprosess>

Lov om straff

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28?q=straff>

Lov om gjeldsforhandling og konkurs

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1984-06-08-58?q=konkurs>

Lov om tilskott til livssynssamfunn

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-06-12-64?q=livssyns>

Lov om serverings-virksomhet

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55?q=servering>

Lov om mekling og rettergang i sivile tvister

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-90?q=tvist>

Helse og omsorg

Lov 02. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-62?q=psykisk%20helsevern>

Lov 02. juli 1999 nr.63 om pasient- og brukerrettigheter

[Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\) - Lovdata](#)

Lov 02. juli 1999 nr.64 om helsepersonell

[Lov om helsepersonell m.v. \(helsepersonelloven\) - Lovdata](#)

Lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester

[Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Lovdata](#)

Lov 24.06.2011 nr. 30 om kommunale helse og omsorgstjenester m/forskrifter

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#)

Lov om bustøtte (bustøttelova) av 24. august 2012 nr. 64 m/forskrifter og andre

boligsosiale støtteordninger

[Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot \(bustøttelova\) - Lovdata](#)

Lov om kommunale krisesentertilbud

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-44?q=Krisesenter>

Lov om smittevern

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1994-08-05-55?q=smittevern>

Oppvekst, kultur og fritid

Lov om barnehagar

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=lov%20om%20barnehager>

Lov om frittstående skolar

[Lov om private skolar med rett til statstilskot \(privatskolelova\) - Lovdata](#)

Lov om introduksjons-ordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80?q=Lov%20om%20introduksjons>

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringsloven>

Lov om voksenopplæring

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-95?q=voksenopp>

Lov om folkebibliotek

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Lov om film og videogrammer

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-05-15-21?q=Lov%20om%20film%20og%20video>

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06->

<0732?q=Lov%20om%20gravplasser,%20kremasjon%20og>

Samfunn og utvikling

Lov 18.12.2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#)

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff m.m.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-14-20?q=lov%20om%20vern%20mot%20brann>

Lov om eierseksjoner

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-65?q=Lov%20om%20eierseksjoner>

Lov om vern mot forurensninger og om avfall med forskrifter

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6?q=lov%20om%20vern%20mot%20forurensninger>

Lov om friluftslivet

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16?q=Lov%20om%20friluftslivet>

Lov om hundehold

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80?q=Lov%20om%20introduksjons>

Lov om jord

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23?q=Jordlova>

Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-11-28-98?q=konsesjonsloven>

Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-05-15-47?q=lakse-%20og%20innlands>

Lov om eideoms- registrering

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-101?q=matrikkelloven>

Lov om forvaltning av naturens mangfold

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

Lov om planlegging og byggesaks-behandling

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=plan%20og%20bygning>

Lov om skogbruk

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-27-31?q=skogbruk>

Lov om kommunale vass og avløpsanlegg

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-03-16-12?q=vass%20og>

Lov om vassdrag og grunnvann

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-11-24-82?q=vann>

Lov om vegar

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1963-06-21-23?q=veglov>

Lov om vegtrafikk

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1965-06-18-4?q=vegtrafikk>

Lov om jakt og fangst av vilt

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38?q=vilt>

Arbeidsgjevar- og personalansvar

Kommunedirektøren er delegert mynde som arbeidsgjevar i samsvar med Hovudavtalen del B.

Kommunedirektøren får på oppdrag frå kommunestyret eit hovudansvar for å oppfylle Hovudavtalen sitt føremål (§ 1-1):

«innenfor rammen av det lokalpolitiske demokrati bidra – gjennom godt samarbeid, medbestemmelse og medinnflytelse – til en omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommunesektor til beste for innbyggerne». «Medbestemmelse og medinnflytelse skal utøves effektivt og rasjonelt og være tilpasset kommunen sin organisering.»

Kommunedirektøren har med heimel i kommunelova § 13-1 siste avsnitt det laupande personalansvaret for kommunen sine tilsette, inkludert tilsetjing, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar.

Kommunedirektøren er delegert mynde til å gjennomføre og slutføre forhandlingar vedkomande tilsette sine løns- og arbeidsvilkår, innanfor dei ramar og retningsliner som er gjeve av kommunestyret.

Kommunedirektøren har fullmakt til å avgje stemme på vegne av Bremanger kommune til sentrale tariffavtalar som er forhandla fram av kommunen sin arbeidsgjevarorganisasjon KS.

Økonomiansvar

Kommunedirektøren får delegert mynde innanfor økonomiområdet gjennom kommunen sitt økonomireglement.

Kommunedirektøren har tilvisingsmynde for heile årsbudsjettet.

Kommunedirektøren utarbeider grunnlagsdokument for årsbudsjett og økonomiplan.

Kommunedirektøren har mynde til å føreta budsjettjustering innanfor dei rammer som kommunestyret har vedteke for den einskilde sektor.

Kommunedirektøren kan foreta budsjettjusteringar som disponerer lønnsavsetningspotten i tråd med resultatet av det einskilde års lønnsoppgjer.

Kommunedirektøren har mynde til å ta stilling til alle tilbod og til å inngå alle avtalar om kjøp av varer, tenester og bygg og anlegg. Fullmakta føreset at kjøpet ligg innanfor dei ramar som er gjevne i årsbudsjett eller økonomiplan.

Kommunedirektøren har mynde til å inngå låneavtaler for lån kommunestyret har vedtatt å ta opp.

Vidare delegering

Kommunedirektøren avgjer sjølv om mynde skal delegerast vidare internt i kommunen. Kommunedirektøren kan og delegere delegeringsmynde. Ved intern delegering skal det skje innanfor rãmene av vedtak og retningsliner vedteke av kommunestyret. Omsynet til rettstryggleik, effektivitet og likebehandling i forvaltninga skal ivaretakast, og den aktuelle eininga må ha naudsynt kompetanse til å utøve den delegerte mynda.

Bremanger kommune

